

Utval for undervisning og internasjonalisering.

Retningslinjer

*Behandlet i instituttrådet 8. oktober 2007, vedtak om delegering i studiesaker gjort i instituttrådet 14.09.2009.
Retningslinjer oppdatert april 2010*

1. Mandat for utvalet

Utvalet for undervisning og internasjonalisering (UUI) har etter vedtak i instituttrådet (sak ///) vedtaksmynde i studiesaker innanfor LLE sitt myndigheitsområde.

Utvalet arbeider for å oppfylle dei strategiske måla som er sett for undervisning og internasjonalisering på LLE. Utvalet arbeider aktivt overfor instituttleiari når det gjeld mål og ønske for dei langsiktige satsingane på LLE. Utvalet har eit overordna blick på bruken av tilgjengelege undervisningsressursar på instituttet.

Studie- og emneplanendringar som er av vesentleg betydning på tvers av faga på LLE, skal takast opp til orientering og drøfting på UUI. Utvalet ser til at undervisning blir evaluert i tråd med gjeldande retningslinjer. Utvalet kjem med innspel til dei halvårlege dialogmøta mellom fakultetet og leiinga på LLE.

2. Representasjon

UUI består av undervisningskoordinator, fagkoordinatorar og/eller programstyreleiarar og tre studentrepresentantar (20 %). Lektorprogrammet i nordisk språk og litteratur er representert ved fagkoordinator i nordisk fagdidaktikk og/eller programstyreleiar i nordisk språk og litteratur. Undervisningskoordinator er leiar for utvalet, og studieleiar er sekretær.

Fagkoordinatorane er vitskapleg tilsette ved studiefaga på lågare og høgare grad.

- Allmenn lingvistik
- Allmenn litteraturvitskap
- Digital kultur
- Klassisk filologi
- Kunsthistorie
- Nordisk språk, Norsk som andrespråk – teorifag
- Nordisk litteratur, Norrøn filologi
- Norsk som andrespråk - norskkursa
- Teatervitskap

3. Innkalling og referat

Det blir halde to til tre møte i semesteret. Ved behov blir det kalla inn til ekstra møte.

Undervisningskoordinator har ansvar for å kalle inn til møte. Innkallinga skal sendast ut seinast tre dagar før møtet. Sakspapir kan ettersendast eller leggjast fram på møtet om nødvendig.

Møteinnkalling og referat blir send til medlemmane på epost og publisert på heimesida til LLE.

Kommenterte [SN1]: og/eller

Kommenterte [SN2]: og/eller

Kommenterte [SN3]: anna formulering?